




Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

## Utviklinga i kommuneøkonomien

Møre og Romsdal

2020



## Samandrag

---

### **Kommunalt sjølvstyre**

Det overordna prinsippet om kommunalt sjølvstyre er uttrykt i grunnlova og ny kommunelov. Det er kommunestyret som prioriterer på vegne av kommunens innbyggjarar. Kommuneplan, økonomiplan og årsbudsjett er sentrale styringsdokument som gir føringar for korleis kommunedirektøren gjennomfører sitt oppdrag.

### **Økonomiske resultat**

Det økonomiske resultatet i 2020 viser at 12 av 26 kommunar i Møre og Romsdal har negativt netto driftsresultat. Det inneber at desse kommunane har hatt høgare utgifter enn inntekter i 2020. Kommunar som har midlar på disposisjonsfond har brukt av desse for å balansere rekneskapen. Vi har tre kommunar på Robek-lista sommaren 2021. Dette er kommunar som ikkje har greidd å dekke inn tidlegare års meirforbruk eller har eit meirforbruk på meir enn 3 % av inntektene sine i 2020.

16 kommunar har disposisjonsfond som er på 5 % eller høgare av brutto driftsinntekt. For dei andre 10 kommunane er det grunn til å planlegge godt for å unngå økonomisk ubalanse.

Kommunane i Møre og Romsdal har høgt gjeldsnivå. Samanstilt med netto driftsresultat og disposisjonsfond, ser vi at det er rundt halvparten av kommunane i fylket som må ta grep for å sikre langsiktig god økonomiforvaltning.

### **Statsforvaltarens vurdering**

Kommunane i Møre og Romsdal arbeider godt med overordna planverk og langsiktig økonomisk forvaltning. Kommunane tek endringane i folketalet på alvor og arbeider med omstilling for å møte framtidens auka tenestebehov innan helse og omsorgssektoren. Talet på barn går ned og det må gjerast tilpassingar i oppvekstsektoren. Statsforvaltaren ser at endringar i skolestruktur er vanskelege og skapar engasjement i mange kommunar. Kommunepolitikarar har ei viktig rolle i å ta vanskelege val når dei prioriterer for sine innbyggjarar.

Vi har levd gjennom over eit år med koronapandemi. Kommunane har gjort ein svært god jobb i handteringa av denne. Kommunane viser stor evne til å finne løysing på uføresette hendingar i

krise. Den digitale kompetansen har tatt store steg. Endringsevna som er vist er noko vi kan vidareføre og bruke i møte med framtidige utfordringar.

Kommunesektoren er kompensert for mindreinntekter og meirkostnadar i pandemien. Nokre kommunar opplever å har blitt kompensert meir enn dei har brukt, og nokre mindre.

Kommunane samarbeider for å gi gode tenester til sine innbyggjarar. Statsforvaltaren ser at dette vil fortsette i tida som kjem. Pandemien har og vist at samarbeid er viktig for å løyse utfordringar. Statsforvaltaren har merka seg samarbeidet om [kartlegging av indikatorar i samband med FN's berekraftsmål](#), der kartleggingsresultata vil vere nyttig i framtidig arbeid med å sikre berekraftige kommunesamfunn.

Statsforvaltaren er godt nøgd med dialogen vi har med kommunane og ser at digitale dialogmøte er noko vi vil halde fram med.

Molde 14. juli 2021

**Foto forside:** Øivind Leren

# Innhald

---

Samandrag.....	2
1 Innleiing.....	5
2 Utfordringsbilde .....	7
3 Definisjonar .....	12
4 Driftsrekneskap .....	14
5 Netto driftsresultat .....	16
6 Disposisjonsfond.....	19
7 Kommunal gjeld.....	21
7.1 Netto lånegjeld.....	22
7.2 Renteeksponert gjeld .....	24
7.3 Avdrag.....	27
8 Likvide midlar .....	29
9 Eigedomsskatt.....	30
10 Havbruksfond.....	32
11 Skjønnstilskot .....	33
11.1 Ordinært skjønn og kriseskjønn.....	33
11.2 Koronaskjønn .....	36
11.3 Prosjektskjønn.....	39
12 Kostra.....	40
13 Robek .....	41
13.1 Innmelding i Robek .....	42
14 Kommunal økonomiforvaltning.....	45
14.1 Kommunestyrets plikter .....	45
14.2 Internkontroll .....	46
14.3 Kommunale garantiar .....	47
Kjelde .....	52
Tabellar .....	52
Figurar .....	52

---

# 1 Innleiing

---

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir årleg ut ein rapport som viser hovudtrekka i utviklinga av kommuneøkonomien i fylket.

Rapporten er aktuell for politikarar, leiarar og tilsette i kommunane, forvaltningsorgan på fylkes- og regionalt nivå, innbyggjarar i Møre og Romsdal og andre som har interesse for økonomien i kommunane.

Statistikk som blir presentert er i hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB), der hovudvekta av tal kjem frå Kommune-Stat-Rapportering (KOSTRA). Medio juni kvart år publiserer SSB endelege rekneskapstal frå kommunane for året før. Om det ikkje er opplyst om andre kjelder, så er alle figurar og tabellar basert på tal frå SSB. Rekneskapstal som blir nytta er konserntal. Det vil seie rekneskapstal for heile kommunen, inkludert kommunale føretak, interkommunale samarbeid og interkommunale selskap. For å få ei meir inngående oversikt over økonomien i den ein skilde kommune, viser vi til kommunens eige rekneskap/årsmelding og statistikk frå SSB.

Kommunane sitt samfunnsoppdrag kan samanfattast i fire roller:

- Myndigheitsutøvar
- Samfunnsutviklar
- Lokaldemokratisk aktør
- Tenesteleverandør

Samfunnsoppdraget bør gjennomførast etter gode planar og den økonomiske ramma bør fordelast på ein slik måte at tenestene til innbyggjarane blir gitt i samsvar med dei lovkrav som gjeld.

I [forventningsbrev 2021](#) til kommunane formidlar Statsforvaltaren statens forventingar til kommunane i år. Det overordna samfunnsperspektivet er viktig, og fleire kommunar har vedteke eller starta arbeidet med kommuneplanen. For dei som ikkje har kome i gang med rullering av kommuneplanens samfunnsdel, vil vi oppfordre til at dette blir sett i gang.

Regjeringa har bestemt at FNs berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet i arbeidet med vår tids største nasjonale og globale utfordring. Oppdraget til kommunane blir å gi innhald til

berekraftsmåla i eigen politikk gjennom god samfunns- og arealplanlegging. Kartlegginga av lokal berekraft gjennom prosjektet [Berekraftsfylket Møre og Romsdal](#) vil vere til god hjelp for kommunane i dette arbeidet. Statsforvaltaren oppfordrar alle kommunane til å ta i bruk innhenta data i eige utviklingsarbeid og viser til kapitel 2 i Statsforvaltarens forventningsbrev 2021.

Denne rapporten vil i hovudsak handle om kommuneøkonomi. Vi vil skissere utfordringane som kommunane står i, orientere om sentrale reglar, minne om viktige oppgåver og dele sentrale økonomiske tall i utviklinga i kommuneøkonomien dei siste åra.

Mange tabellar vil ikkje ha historiske tal for dei kommunane som blei nye frå 2020. Hovudbilde på kommunens økonomiske stilling kjem likevel fram.

Denne rapporten er tilgjengeleg på vår heimeside.

## 2 Utfordringsbilde

Kommunestyret prioriterer mellom dei kommunale tenestene, trygger sine verdiar, investerer og planlegg eigen aktivitet på kort og langt sikt, innanfor sin økonomiske kapasitet. Dette skjer innanfor vedtekne budsjett og økonomiplan, og tek omsyn til lokalsamfunnet og regionens utvikling.


### Kommuneøkonomi

Regjeringa la fram Perspektivmeldinga 2021 i februar. Meldinga drøftar utfordringar for norsk økonomi, offentlege finansar og vidareføring av dei norske velferdsordningane i eit langsiktig perspektiv. I åra framover vil handlingsrommet i statsbudsjettet bli mindre, då bruken av fondsmidlar over statsbudsjettet vil bli redusert. Kommunane må førebu seg på at kommuneøkonomien vil bli strammare i åra som kjem.

I vårt fylke har gjeldsgraden auka over tid og det er mange kommunar som har svært høg gjeld. Ein renteauke blir merkbar ved at driftsutgiftene i kommunane aukar tilsvarande. Tenestenivået må då justerast slik at kommunens rekneskap og budsjett kjem i balanse.

### Folketalsutvikling og demografi


Utfordringa kommunane står føre er endringar i folketalet og at fleire kommunar har negativ folketalsutvikling. Det blir født færre born, og dei eldre lever stadig lengre. Det blir difor viktig å dreie bruken av kommunale midlar frå oppvekstsektoren til helse og omsorg. [Fylkesstatistikk 2020](#), utarbeidd av Møre og Romsdal fylkeskommune, har detaljerte og gode oversikter over folketalsutviklinga ned på kommunenivå og framskriving av forventa folketalsutvikling.



**Figur 1 - Utvikling og framskriving av barnetal under 20 år i Møre og Romsdal.**

Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommunes kommunestatistikk

Figur 2 - Regionale utviklingstrekk 2021 - utvalgte indikatorar for Møre og Romsdal



\* Antall i arbeidsfær alder 20-66 år i forhold til eldre 67 år og eldre.

Kjelde: Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Regionale utviklingstrekk 2021

Utviklinga i kommuneøkonomien – Møre og Romsdal 2021 – statsforvaltaren i Møre og Romsdal



I dag har vi 3,3 personar i arbeidsfør alder 20-66 år i forhold til eldre frå 67 år og oppover. I 2040 vil det vere 2,2 personar. Dette vil føre til mangel på arbeidskraft og vil påverke kommunale tenester. Regjeringa har laga [berekningar for tenestebehov og arbeidskraftsbehov](#) som kan vere nyttige i analysen av kommunens situasjon. I tillegg vil vi nemne [Ressursportal.no](#).

**Rekruttering av medarbeidarar** med rett kompetanse er ei anna utfordring for kommunane. Kommunane melder at dette spesielt gjeld fastlegar, sjuke- og vernepleiarar, psykologar og plankompetanse.

### Grøne skiftet


Det grønne skiftet handlar om korleis Norge skal bli eit lågutsleppsland innan 2050. Samfunnet må omstille seg til at vekst og utvikling må skje innanfor tolegrensa til naturen.

[Berekraftsfylket Møre og Romsdal](#)

har gjennomført kartlegging av berekraftsprofilen for fylket og kommunane gjennom U4SSC.

[Resultata](#) kan hjelpe i arbeidet med å løyse utfordringa med det grønne skiftet. Fleire kommunar har tatt i bruk klimabudsjett og klimarekneskap i sitt arbeid. KS har utvikla [rettleiingsmateriale](#) som kommunane kan bruke for å etablere dette i egen kommune.

**Figur 3 – Illustrasjon av indikatorar etter kartlegging av kommunane i fylket**



## Omstilling

For å løyse utfordringane som vi står overfor, må vi evne å omstille oss og gjere endringar så tidleg som råd. Kommunane viser evne til rask omstilling i pandemien. Det lover godt i møte med framtidige utfordringar i det grøne skiftet, mangel på kompetent arbeidskraft og strammare økonomiske rammer.

Regjeringa uttalar at kommunereforma ikkje er avslutta og det finns økonomiske ordningar for kommunar som ønskjer å greie ut samanslåing med andre.

## Koronapandemien


Koronapandemien har prega kommunane, og regjeringa skriv i kommuneproposisjonen at kommunesektoren har gjort ein imponerande innsats i møte med pandemien. Kommunane har gitt innbyggjarane tenester dei er avhengig av, samtidig som dei har stått i ei krise over lang tid. Kommunane har jobba godt med TISK-strategien (testing, isolering, smittesporing og karantene) og er no godt i gang med vaksinasjon.

Regjeringa har kompensert kommunane økonomisk gjennom ulike økonomiske tiltak. Samla sett er kommunane kompensert for inntektsbortfall og meirutgifter som følgje av pandemien. Korleis kommunane i Møre og Romsdal er kompensert finn du meir om under kapittelet om koronaskjønn.

Statsforvaltaren har i fleire rundar kartlagt kommunane sine utgifter med pandemien og dette vil halde fram så lenge det er naudsynt.

Dei langsiktige konsekvensane av pandemien kjenner vi ikkje. Vi må rekne med etterverknader og utfordringar for mange grupper. Etterverknaden kan ramme innbyggjarane på ulike måtar og kommunane vil ha ein viktig rolle i arbeidet med å følgje opp desse.

Figur 4 - Kart over kommunestorleik i Møre og Romsdal etter folketalet



### Plansamanheng

Mange av kommunane har vedteke eller er i gang med å utarbeide kommuneplanens samfunnsdel. Dette er eit styringsdokument som ser heile kommunens utvikling samla. FNs berekraftsmål, det grøne skiftet, folketalutvikling og kommunens økonomiske handlevne over tid, er viktige tema.

Plan- og bygningslova (§ 11-1 fjerde ledd) og kommunelova (§ 14-4 femte ledd) er samordna slik at kommunens økonomiplan kan vere kommuneplanens handlingsdel, på visse vilkår. Dette gjer det enklare å sjå overordna kommunal planlegging i samanheng med langsiktig økonomisk styring.

### 3 Definisjonar

---

I kommunerekneskapan er det ein del sentrale ord som blir brukt. Under finn du forklaring på desse.

- **Brutto driftsinntekter** (BDI) er dei totale driftsinntektene til kommunane. Inntekter frå rammetilskot, skatt på inntekt og formue, havbruksfondet, eigedomsskatt, brukarbetalingar, andre sals- og leigeinntekter, overføringar med krav om motyting og andre overføringar er inkludert i brutto driftsinntekter. Renteinntekter, utbytte og gevinst frå finansielle instrument er ikkje inkludert.
- **Eksterne finansinntekter** er renteinntekter, utbytte, eigaruttak og kursgevinstar på finansielle instrument.
- **Motpost avskrivningar**. Avskrivningar inngår i brutto driftsresultat, men blir trekt frå gjennom motpost avskrivningar. Det er avdrag som har verknad på rekneskapan og netto driftsresultat.
- **Eksterne finansutgifter** er renteutgifter, provisjonar, andre finansutgifter, kurstap på finansielle instrument og avdragsutgifter.
- **Netto driftsresultat** (NDR) er driftsinntekter med frådrag av driftsutgifter, renter og avdrag. Skilnaden mellom brutto- og netto driftsresultat viser kor stor del av inntektene som går med til å betale renter og avdrag. NDR viser kor mykje kommunen sitt att med til avsettingar til framtidig bruk, slik som gjennom disposisjonsfond og eigenkapitalkrav til investeringar. Ein kommune kan og ha eit betre NDR enn brutto driftsresultat om kommunen har større eksterne finansinntekter enn eksterne finanskostnader. NDR er den vitigaste enkeltstående indikatoren for korleis den økonomiske situasjonen er i kommune.

**Tabell 1 - Skjematisk oppstilling utrekning av netto driftsresultat.**

Brutto driftsinntekter	→	Rammetilskott
- Brutto driftsutgifter	→	Skatteinntekter
- Avskrivningar	→	Brukarbetaling
<hr/>		Eigedomsskatt
= Brutto driftsresultat		Andre sals- og leigeinntekter
<hr/>		Andre overføringer
+ Eksterne finansinntekter		
- Eksterne finansutgifter	→	Alle driftsutgifter utan
- Avdrag på lån		renter og avdrag
+ Motpost avskrivningar		
<hr/>		
= <b>Netto driftsresultat</b>		
<hr/>		


- **Disposisjonsfond** kan vere bundne og frie. Dei bundne disposisjonsfonda må nyttast til føremålet dei er knytt til. Den frie delen av disposisjonsfondet er midlar som kommunen kan disponere fritt til både drifts- og investeringsføremål. Når netto driftsresultat viser mindreforbruk kan kommunen bygge opp reserver i disposisjonsfondet.
- **Eigenkapitalkrav.** Kommunen vedtek ein handlingsregel om at investeringar skal finansierast med ein del av disposisjonsfondet.
- **Netto lånegjeld** er gjelda til kommunane som er renteeksponert, inneheld rentekompensasjon og sjølvkost.
- **Renteeksponert gjeld** er gjeld frå bank, statlege låneinstitusjonar, kredittføretak, livsforsikringsselskap, og frå obligasjon og sertifikatmarknaden.
- **Sertifikatlån** er eit kortsiktig lån med løpetid inntil 12 månader. Lånet er avgrensa til sertifikatets lengde, og er omsetteleg. Ved utløp må lånet fornyast eller refinansierast. Varigheit på 3, 6, 9 eller 12 månader.

## 4 Driftsrekneskap

Driftsrekneskapen viser korleis kommunen bruker sine inntekter (på konsernnivå).

På landsbasis fordeler driftsutgiftene seg slik som vist i figuren under. Helse og omsorgstenestene krev mykje av kommunane sine ressursar. Det same gjer oppvekst med grunnskoleopplæring og barnehage. Desse tenestene utgjør mellom ca. 60 % og 65 % av kommunane sine driftsutgifter.

**Figur 5 - Brutto driftsutgifter til kommunale tenesteområde i % av totale brutto driftsutgifter**



Kommunane skal gi likeverdige tenester til sine innbyggjarar sjølv om det er store forskjellar i kommunanes økonomi. Tabell 2 på side 15 viser inntekter, utgifter og gjeld per innbyggjar. Dei kommunane som har meir utgifter enn inntekter har ei utfordring om dette varer over tid. Dei bør planlegge slik at det blir større balanse mellom inntekter og utgifter for å sikre langsiktig økonomisk balanse.

Kommunens gjeld verkar direkte inn på kommunens økonomiske handleevne. Dei årlege rentekostnadane er ei driftsutgift. For gjeld, sjå eige kapitel.

Tabell 2 er meint som ein illustrasjon på kommunens økonomi. Statsforvaltaren har hovudfokus på økonomiske nøkkeltal som netto driftsresultat, disposisjonsfond og gjeldsgrad.

Tabell 2 – Inntekter, utgifter og lånegjeld per innbygger

	Brutto driftsinntekter i alt per innbygger 2020	Brutto driftsutgifter totalt per innbygger 2020	Netto lånegjeld per innbygger 2020
1505 Kristiansund	90 200	88 280	111 172
1506 Molde	98 122	95 250	22 945
1507 Ålesund	84 955	86 907	86 268
1511 Vanylven	105 097	108 175	72 138
1514 Sande	107 722	108 881	97 404
1515 Herøy	82 637	82 790	103 160
1516 Ulstein	87 049	85 038	164 607
1517 Hareid	89 113	89 140	116 794
1520 Ørsta	84 578	85 011	94 782
1525 Stranda	99 437	99 730	156 031
1528 Sykkylven	75 588	76 460	71 056
1531 Sula	83 043	82 730	94 859
1532 Giske	81 935	80 382	106 919
1535 Vestnes	108 600	111 608	96 491
1539 Rauma	92 796	99 558	94 001
1547 Aukra	178 486	144 837	118 818
1554 Averøy	82 654	82 171	77 623
1557 Gjemnes	95 281	97 281	77 323
1560 Tingvoll	110 228	105 783	102 121
1563 Sunndal	108 245	111 247	68 929
1566 Surnadal	102 962	102 016	73 595
1573 Smøla	134 528	121 869	120 148
1576 Aure	118 285	110 785	92 711
1577 Volda	96 869	94 535	127 192
1578 Fjord	133 563	134 605	146 890
1579 Hustadvika	89 174	88 797	81 790

Kjelde: SSB tabell 13210: Finansielle nøkkeltal frå konsolidert bevilgnings- og balanseregnskap i kroner per innbygger, etter region, statistikkvariabel, år og rekneskapsomgrep.

## 5 Netto driftsresultat

Tabell 3 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter				
	2017	2018	2019	2020
1505 Kristiansund	1,0	-0,9	0,9	2,0
1506 Molde	*	*	*	3,2
1507 Ålesund	*	*	*	-1,7
1511 Vanylven	5,0	4,7	-5,1	-1,9
1514 Sande	2,6	-1,1	-0,3	1,1
1515 Herøy	1,6	0,1	1,7	-0,1
1516 Ulstein	0,7	0,7	0,6	0,2
1517 Hareid	0,3	-0,3	0,0	-0,8
1520 Ørsta	1,1	0,3	-0,2	0,4
1525 Stranda	5,3	2,9	2,2	-1,5
1528 Sykkylven	1,8	0,3	-0,3	-0,4
1531 Sula	1,3	-1,3	0,6	-0,2
1532 Giske	2,3	-0,5	-1,0	-0,5
1535 Vestnes	0,9	1,4	-0,5	-1,4
1539 Rauma	2,4	0,9	-1,5	-5,7
1547 Aukra	21,4	22,8	27,2	22,9
1554 Averøy	1,1	3,2	-0,7	6,0
1557 Gjemnes	2,8	4,3	0,0	-2,3
1560 Tingvoll	4,3	4,3	-2,7	2,6
1563 Sunndal	2,1	-0,4	-3,8	-0,2
1566 Surnadal	1,7	-2,3	-2,6	1,6
1573 Smøla	-1,3	11,5	-1,1	8,7
1576 Aure	-0,3	4,0	-1,3	4,8
1577 Volda	*	*	*	2,6
1578 Fjord	*	*	*	0,7
1579 Hustadvika	*	*	*	0,7
Møre og Romsdal	3,3	1,2	-0,8	1,0
Landet utan Oslo	3,7	2,2	1,5	2,5

\*Nye samanslåtte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.

Kjelde: SSB tabell 12134: Utvalde nøkkeltal for kommunerekneskap.




Netto driftsresultat (NDR) er summen av alle inntekter trekt frå alle utgifter. Netto driftsresultat er hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren. Teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at netto driftsresultat for kommunesektoren bør utgjere 1,75 % av brutto driftsinntekt over tid, for at formuesbevaringsprinsippet skal bli teke i vare. Prinsippet inneber at ein kommunes samla formue, realkapital og finansielle fordringar, med frådrag av gjeld, ikkje skal reduserast over tid.

Landet utanom Oslo har i gjennomsnitt eit netto driftsresultat på 2,5 %, medan Møre og Romsdal har 1,0 % av brutto driftsinntekt (BDI). Om vi trekker ut Aukra kommune, vil NDR i % av BDI i fylket vere 0,4 %.


Heile 12 kommunar har negativt NDR. Dei som har hatt negativt NDR over fleire år, bør arbeide for å bringe økonomien i balanse. Tre av kommunane er innmeldte på ROBEK-lista. Andre står i fare for å bli innmeldt i 2022. Meir informasjon om ROBEK finn du i kapitel 13.

**Figur 6 - Kart over kommunar med positivt og negativ netto driftsresultat**



Kommunar farga raudt hadde negativt netto driftsresultat, medan dei grøne hadde positivt.

Figur 7 - Netto driftsutgifter i % av brutto driftsinntekter



Om rekneskapen viser positivt netto driftsresultat kan midlane nyttast i drifta, investeringar eller settast av på fond til seinare bruk (avsettingar). Dersom kommunen har eit negativt netto driftsresultat, må dette dekkast inn ved bruk av avsette midlar og/eller stryke budsjetterte avsetningar.

## 6 Disposisjonsfond

Tabell 4 - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter				
	2017	2018	2019	2020
1505 Kristiansund	0,2	0,1	0,7	2,9
1506 Molde	*	*	*	6,5
1507 Ålesund	*	*	*	0,9
1511 Vanylven	9,2	16,0	11,6	8,1
1514 Sande	0,0	0,1	0,1	0,1
1515 Herøy	6,1	5,8	7,2	6,8
1516 Ulstein	5,6	6,1	6,3	5,2
1517 Hareid	3,4	3,3	3,0	1,0
1520 Ørsta	7,9	8,3	8,1	8,8
1525 Stranda	1,3	0,3	8,3	8,9
1528 Sykkylven	3,9	3,6	2,8	3,1
1531 Sula	12,3	11,8	11,2	12,5
1532 Giske	0,5	0,4	0,4	0,0
1535 Vestnes	0,8	3,3	3,1	2,6
1539 Rauma	1,2	3,3	3,1	3,0
1547 Aukra	72,7	88,4	107,1	121,5
1554 Averøy	3,9	5,6	3,9	11,6
1557 Gjemnes	8,4	12,5	13,0	10,5
1560 Tingvoll	5,9	8,2	12,2	13,1
1563 Sunndal	15,3	17,9	17,3	17,2
1566 Surnadal	8,2	6,1	4,4	3,1
1573 Smøla	6,0	18,7	19,6	18,9
1576 Aure	14,1	12,2	10,7	14,5
1577 Volda	*	*	*	6,2
1578 Fjord	*	*	*	1,0
1579 Hustadvika	*	*	*	5,1
Møre og Romsdal	6,5	7,9	7,8	8,0
Landet utan Oslo	10,0	11,1	11,0	11,9

\* Nye samanslåtte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.


Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevilgnings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.

Disposisjonsfond er «sparepengar» som kommunen kan bruke. Å ha «pengar på bok» kan avhjelpe kommunen om dei får utgifter dei ikkje har budsjettet med. Statsforvaltaren tilrår at disposisjonsfondet er på mellom 5 og 10 % av brutto driftsinntekt. Dette gir kommunen handlingsrom til å handtere svingingar i økonomien. Disposisjonsfondet kan nyttast til både drifts- og investeringsføremål og skal brukast om kommunerekneskapen viser meirforbruk.

Tabell 4 viser kor mykje frie midlar kommunen har i disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt.

Fylkesgjennomsnittet på disposisjonsfondet i 2020 ligg innafor tilrådd nivå, og har gått litt opp samanlikna med 2019. Utan Aukra kommune ligg disposisjonsfondet samla på 5,1 % av brutto driftsinntekt. I alt 11 kommunar har disposisjonsfond mindre enn 5 % og 5 kommunar har disposisjonsfond under 2 %.


**Figur 8 - Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter**



## 7 Kommunal gjeld

Kommunanes gjeld har auka gradvis dei seinare åra. Det er viktig at kommunane har eit forsvarleg gjeldsnivå. Statsforvaltaren tilrår at gjeldsgraden over tid ikkje bør overstige landsgjennomsnittet. Dei siste åra har den kommunale gjeldsgraden (netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt) auka på landsbasis frå 82,3 % i 2015 til 96,1 % i 2020. Det siste året var auken på 4,9 %. Vår vurdering er at landsgjennomsnittet i 2020 er eit for høgt gjeldsnivå slik det har utvikla seg dei seinare åra. I Møre og Romsdal er netto lånegjeld i forhold til brutto driftsinntekt på 110,8 %. Dette er høgt og ein renteauke vil merkast godt i dei kommunale driftsrekneskap. Vi tilrår no at kommunane gjer ein totalvurdering av eigen økonomi når dei vedtek måltal på gjeldsgrad.

**Figur 9 - Utvikling i netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter**



Kommunestyret skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid. I kommunelova står det at kommunen ikkje skal ta vesentleg finansiell risiko i finansforvaltninga eller gjeldsforvaltninga. Kvar kommune skal vurdere kva finansiell risiko som kommunen kan tole. Dette vil vere avhengig av kommunens disposisjonsfond og driftsnivå.

Kommunane har ansvar for ei rekke tenester (generalistprinsippet) som krev omfattande investeringar. Utviklinga i lånegjelda er tett bunden til investeringsaktiviteten i kommunane.


Kommunane kan ta opp lån til egne investeringar, men ikkje til drift. Kommunane kan og finansiere investeringar med egne midlar (disposisjonsfond).

Kommunane skal vedta finansielle måltal der gjeldsgrad (netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt) og eigenfinansieringskrav kan vere finansielle måltal.

## 7.1 Netto lånegjeld

Langsiktig gjeld kjem fram av kommunens balanserekneskap og omfattar lån til investeringar, pensjonsforpliktingar, formidlingslån og ubrukte lånemidlar. I netto lånegjeld er pensjonsforpliktingar, formidlingslån og ubrukte lånemidlar tatt ut. Netto lånegjeld blir brukt som mål på kommunens gjeld knytt til tenesteytinga. I netto lånegjeld er lån til sjølvkosttenester tatt med, slik som vatn, avløp og renovasjon.

**Figur 10 - Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter**



I Møre og Romsdal har 13 kommunar ein gjeldsgrad over 100 % av brutto driftsinntekt og av desse har 8 kommunar over 120 %. Det høge gjeldsnivået kan bli eit problem når renta aukar. SSB trur den første renteauken vil kome i september.

Tabell 5 - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter				
	2017	2018	2019	2020
1505 Kristiansund	100,8	114,0	122,4	121,7
1506 Molde	*	*	*	136,1
1507 Ålesund	*	*	*	102,4
1511 Vanylven	65,1	64,5	68,0	68,4
1514 Sande	86,0	93,7	94,2	91,5
1515 Herøy	110,1	105,7	109,2	125,4
1516 Ulstein	199,8	189,7	185,8	187,8
1517 Hareid	79,9	85,8	109,1	131,3
1520 Ørsta	95,2	109,6	111,6	114,1
1525 Stranda	174,2	142,5	155,2	154,3
1528 Sykkylven	91,7	92,3	93,3	92,4
1531 Sula	117,3	123,8	119,3	112,4
1532 Giske	147,4	145,0	142,3	128,3
1535 Vestnes	58,5	66,5	88,6	88,9
1539 Rauma	114,8	97,5	96,3	105,2
1547 Aukra	76,4	66,4	59,9	69,5
1554 Averøy	107,7	99,4	95,4	94,1
1557 Gjemnes	65,2	65,5	72,3	86,9
1560 Tingvoll	95,9	90,3	95,6	93,4
1563 Sunndal	60,0	64,8	66,9	65,4
1566 Surnadal	61,4	64,8	65,4	71,5
1573 Smøla	103,1	88,4	97,6	91,4
1576 Aure	62,8	62,0	67,7	79,7
1577 Volda	*	*	*	132,7
1578 Fjord	*	*	*	108,3
1579 Hustadvika	*	*	*	95,2
Møre og Romsdal	103,1	104,4	108,5	110,8
Landet utan Oslo	84,5	87,5	91,2	96,1

\* Nye samanslåtte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevilgnings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.


Tabell 5 viser korleis gjelda har auka i kommunane dei fire siste åra. Det er berre 7 kommunar som har lågare gjeldsgrad i 2020 samanlikna med 2017 og fleire av desse har framleis eit svært høgt gjeldsnivå.

## 7.2 Renteeksponert gjeld

Renteeksponert gjeld er den delen av kommunens gjeld som blir direkte påverka av endringar i renta. Renteeksponert gjeld er netto lånegjeld, utanom gjeld til vatn, avløp og renovasjon og gjeld knytt til rentekompensasjonsordningar. Dersom renteeksponeringa er 40 % av driftsinntektene indikerer det at ein renteoppgang på 1 prosentpoeng isolert sett vil krevje 0,4 % av driftsinntektene. Variabelen kan gi ein indikasjon på kor sårbar kommunen vil vere for endringar i rentenivået. Tabell 6 viser renteeksponert gjeld for kommunane i vårt fylke.

Langsiktig gjeld eksklusiv pensjonsforpliktingar utgjorde 111,0 % (106,2 % i 2019) av totale driftsinntekter for kommunane i Norge ved utgangen av 2020. Figur 11 viser korleis langsiktig gjeld er fordelt i kommunal sektor.

**Figur 11 - Kommunanes langsiktige gjeld og renteeksponering i 2003-2020 i % av driftsinntektene**



Kjelde: Kommuneproposisjonen 2022



Tabell 6 - Renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter				
	2017	2018	2019	2020
1505 Kristiansund	67,2	77,4	87,1	87,2
1506 Molde	*	*	*	111,3
1507 Ålesund	*	*	*	75,5
1511 Vanylven	48,1	47,3	49,9	49,1
1514 Sande	56,4	63,8	64,8	62,6
1515 Herøy	86,3	82,6	102,3	119,2
1516 Ulstein	169,5	159,3	155,1	157,1
1517 Hareid	54,1	79,2	82,4	103,4
1520 Ørsta	71,9	87,0	90,3	92,9
1525 Stranda	135,1	.	94,5	115,3
1528 Sykkylven	71,4	75,1	75,4	73,2
1531 Sula	81,0	83,3	80,6	74,2
1532 Giske	112,9	109,5	106,4	93,2
1535 Vestnes	46,3	53,9	82,8	83,9
1539 Rauma	98,1	80,2	77,8	85,4
1547 Aukra	57,2	48,3	41,4	49,7
1554 Averøy	85,7	76,5	73,5	72,1
1557 Gjemnes	49,5	49,8	56,7	72,1
1560 Tingvoll	73,9	68,3	75,1	83,7
1563 Sunndal	47,4	50,9	53,6	51,1
1566 Surnadal	48,3	52,0	42,3	59,3
1573 Smøla	73,7	63,7	70,8	67,5
1576 Aure	42,1	41,5	46,2	57,5
1577 Volda	*	*	*	109,0
1578 Fjord	*	*	*	88,3
1579 Hustadvika	*	*	*	66,7
Møre og Romsdal	79,2	81,1	84,2	86,1
Landet utan Oslo	60,2	62,2	66,3	69,9

\* Nye samanslåtte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.


Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevilgnings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.

Styringsrenta til Norges Bank er interessant fordi den verkar inn på kva vilkår långevar tilbyr kommunane.

I september 2019 satt Norges Bank renta opp til 1,5 %, som då var det høgste nivået dei siste fem åra. På det tidspunktet vurderte Norges Bank utsiktene og risikobildet slik at veksten i norsk økonomi og kapasitetsutnytting var noko over eit normalt nivå, som tilsa høgare rente. I mars 2020 stengte Norge ned då pandemien råka oss. Det førte til den kraftigaste nedgangen i norsk økonomi i nyare tid. Norges Bank gjennomførte då først eit rentekutt på 0,5 % til 1,0 % rente. Seinare blei renta ytterlegare satt ned til 0,25 %, før den blei satt til 0 % 6. mai 2020.

Norges Bank valde å halde styringsrenta på 0 % i møtet den 17. juni 2021. Samtidig signaliserer dei at renta sannsynlegvis vil auke i september 2021. I første omgang med 0,25 %. Dette er på grunn av at norsk økonomi tek seg raskt opp etter at pandemien ser ut til å gå inn i ein ny fase med oppmjuking i smitteverntiltak. Held denne utviklinga fram, kan vi sjå enda ein renteauke i løpet av hausten.

**Figur 12 - Utviklinga i styringsrenta 2007-2021. ([www.norges-bank.no](http://www.norges-bank.no))**



## 7.3 Avdrag

**Tabell 7 - Avdrag i prosent av brutto driftsinntekter**

Avdrag i % av brutto driftsinntekter				
	2017	2018	2019	2020
<b>1505 Kristiansund</b>	3,2	3,4	3,7	5,1
<b>1506 Molde</b>	*	*	*	5,2
<b>1507 Ålesund</b>	*	*	*	4,5
<b>1511 Vanylven</b>	2,8	2,9	3,4	3,5
<b>1514 Sande</b>	3,0	3,3	3,4	3,4
<b>1515 Herøy</b>	3,3	3,4	3,1	4,3
<b>1516 Ulstein</b>	5,5	6,3	6,4	6,5
<b>1517 Hareid</b>	2,9	3,0	3,2	3,6
<b>1520 Ørsta</b>	3,0	3,5	3,1	4,4
<b>1525 Stranda</b>	5,9	6,3	6,6	6,2
<b>1528 Sykkylven</b>	2,6	3,0	2,9	3,7
<b>1531 Sula</b>	3,8	3,9	4,0	5,2
<b>1532 Giske</b>	5,0	5,0	5,1	5,5
<b>1535 Vestnes</b>	2,6	3,0	3,0	3,8
<b>1539 Rauma</b>	3,0	3,1	3,7	4,2
<b>1547 Aukra</b>	5,1	5,9	5,7	5,7
<b>1554 Averøy</b>	4,4	4,4	4,1	3,9
<b>1557 Gjemnes</b>	3,1	3,2	3,7	3,5
<b>1560 Tingvoll</b>	4,9	4,5	4,7	4,9
<b>1563 Sunndal</b>	2,2	2,9	3,0	3,3
<b>1566 Surnadal</b>	3,3	3,4	2,8	3,0
<b>1573 Smøla</b>	4,9	4,3	5,2	4,7
<b>1576 Aure</b>	4,2	4,1	4,6	4,7
<b>1577 Volda</b>	*	*	*	4,5
<b>1578 Fjord</b>	*	*	*	5,2
<b>1579 Hustadvika</b>	*	*	*	3,6
<b>Møre og Romsdal</b>	3,6	3,8	3,9	4,6
<b>Landet utan Oslo</b>	3,5	3,6	3,7	4,0

\* Nye samanslåtte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevilgnings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.

Lån skal nedbetalast årleg med minimum det kommunelova krev i avdrag. Tabell 7 viser kor stor prosent av brutto driftsinntekter som blir brukt til å betale avdrag kvart år. Og her blir driftsrekneskapen påverka av kommunens store gjeld. Fleire kommunar bruker meir enn 5 % av driftsinntektene til å betale avdrag og i tillegg kjem rentekostnadane.

Ny kommunelov har endra utrekninga av minimumsavdrag på kommunen si låneportefølgje jf. § 14-18.

### **Minimumsavdrag**

Minimumsavdrag skal reknast ut på grunnlag av langsiktig gjeld, justert for formidlingslån og for store investeringar i kyrkjebygg.

Etter ny kommunelov blir minimumsavdrag knytt meir direkte til kapitalslit og blir fastsett på bakgrunn av storleiken på avskrivningane. Dersom kommunen sjølv finansierer delar av investeringane, vil avdraga bli mindre enn avskrivningane.

*Avdrag på lån. Berekningsformel:*

$$\text{Minimumsavdrag} = \text{Sum avskrivningar} * (\text{rest lånegjeld} / \text{sum bokført verdi varige driftsmidlar})$$

### **Avskrivningar**

Avskrivningar fordelar kostnaden ved eit innkjøp av varig driftsmiddel over den økonomiske levetida på driftsmidla. Historisk pris skal avskrivast lineært, som inneber at det same beløpet blir ført i driftsrekneskapen kvart år. Avskrivningar er ikkje ein kostnad som påverkar netto driftsresultat. I kommunerekneskapen blir avskrivningane korrigert med ein like stor motpost. Avdrag skal dekkast som driftsutgift og verkar inn på resultatet i kommunerekneskapen.

## 8 Likvide midlar

Tabell 8 - Arbeidskapital utan premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter

Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter				
	2017	2018	2019	2020
1505 Kristiansund	0,6	-1,9	-0,5	4,1
1506 Molde	*	*	*	10,1
1507 Ålesund	*	*	*	21,1
1511 Vanylven	15,6	19,3	9,7	9,6
1514 Sande	27,1	22,1	22,3	27,2
1515 Herøy	18,5	24,5	16,9	21,4
1516 Ulstein	16,2	12,5	13,0	13,4
1517 Hareid	7,4	4,0	5,5	3,9
1520 Ørsta	13,3	4,1	12,4	14,2
1525 Stranda	27,1	21,8	-77,6	14,4
1528 Sykkylven	4,4	0,7	-0,3	2,3
1531 Sula	35,3	29,4	30,4	35,9
1532 Giske	31,5	29,3	24,1	22,7
1535 Vestnes	-2,2	-6,7	10,3	3,8
1539 Rauma	10,3	10,6	10,0	5,8
1547 Aukra	77,3	91,4	110,4	125,9
1554 Averøy	10,1	9,7	7,8	19,4
1557 Gjemnes	20,4	20,9	25,6	22,8
1560 Tingvoll	12,9	13,7	9,1	15,9
1563 Sunndal	20,1	23,5	17,0	21,8
1566 Surnadal	9,8	9,7	4,1	10,3
1573 Smøla	22,4	31,1	19,2	27,1
1576 Aure	31,9	26,6	17,6	22,1
1577 Volda	*	*	*	18,8
1578 Fjord	*	*	*	17,3
1579 Hustadvika	*	*	*	25,1
Møre og Romsdal	21,8	21,0	17,0	18,8
Landet utan Oslo	21,8	21,7	20,6	22,5

\* Nye samanslåtte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevilgnings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.

Arbeidskapital utan premieavvik er eit uttrykk for likviditet. Med likviditet meiner ein kommunens evne til å betale sine utgifter etter kvart som dei forfell. Arbeidskapital er omløpsmidlar trekt frå kortsiktig gjeld. Arbeidskapital kan og brukast som eit av fleire måltal for kommunen.

Arbeidskapitalen omfattar bankinnskot, verdipapir (aksjar, sertifikat og liknande) og kortsiktige fordringar.

Låg arbeidskapital kan tyde på at kommunen manglar likvide midlar til å betale forpliktingane sine. I 2020 er det ingen kommunar i Møre og Romsdal som har negativ arbeidskapital.

Kommunane får utbetalt rammetilskot frå staten i ti terminar. I tillegg får kommunane gebyrinntekter frå brukarar av kommunale tenester regelmessig. Kommunar med dårleg likviditet må planlegge sin aktivitet godt. Kommunar kan utjamne likviditetsproblem med kassakreditt.

## 9 Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er ein frivillig kommunal skatt og det er kommunestyret som vedtek denne.

Eigedomsskattekontoret skriv ut skatten etter det årlege skattevedtaket i kommunen. 370 kommunar har innført eigedomsskatt og i Møre og Romsdal er det tre kommunar som ikkje har ein form for eigedomsskatt.

Kommunestyret vedtek kort stor skatten skal vere og skattesatsen kan maksimalt vere på:

	Skattesats 2021	Skattesats 2020
Bustader og fritidseigedomar	4 promille	5 promille
Næringsverksemdar	7 promille	7 promille

Tabell 9 viser kommunar som har eigedomsskatt og kva eigedomar som blir skattlagt. Det er lovleg å ha eigedomsskatt på verksemdar utan å skattelegge bustadar og fritidseigedomar. Tabellen viser og når kommunen sist gjennomførte alminneleg taksering av eigedomane i kommunen. Alminneleg taksering skal som hovudregel skje kvart tiande år.

Tabell 9 - Oversikt over eideomsskatt i kommunane

	Eigedoms- skatt i kommunen	Eigedoms- skatt totalt (1000 kr)	Bustadar og fritids- eigedomar	Anna eigedom	Skattesats bustadar og fritids- eigedomar	Siste alminneleg taksering
		2020	2020	2020	2020	
<b>1505 Kristiansund</b>	Ja	100 851	66 408	34 443	3,70	2019
<b>1506 Molde</b>	Ja	131 963	94 408	37 555	*	2020
<b>1507 Ålesund</b>	Ja	113 206	96 220	16 986	*	2015
<b>1511 Vanylven</b>	Nei					
<b>1514 Sande</b>	Nei					
<b>1515 Herøy</b>	Nei					
<b>1516 Ulstein</b>	Ja	11 790	11 790		1,75	2018
<b>1517 Hareid</b>	Ja	9 166	9 166		3,00	2014
<b>1520 Ørsta</b>	Ja	19 118	14 994	4 124	2,00	2014
<b>1525 Stranda</b>	Ja	15 413		15 413	4,00	2013
<b>1528 Sykkylven</b>	Ja	7 784	7 784		2,70	2015
<b>1531 Sula</b>	Ja	6 099	6 099		1,00	2020
<b>1532 Giske</b>	Ja	20 209	18 741	1 468	4,00	2014
<b>1535 Vestnes</b>	Ja	19 449	15 299	4 150	4,00	2013
<b>1539 Rauma</b>	Ja	24 652	10 214	14 438	4,00	2009
<b>1547 Aukra</b>	Ja	257 025	0	257 025		2013
<b>1554 Averøy</b>	Ja	30 915	21 757	9 158	4,00	2020
<b>1557 Gjemnes</b>	Ja	8 593	6 567	2 026	4,00	2012
<b>1560 Tingvoll</b>	Ja	11 823	10 015	1 808	4,00	2016
<b>1563 Sunndal</b>	Ja	72 287	5 136	67 151	3,00	2011
<b>1566 Surnadal</b>	Ja	30 967	13 541	17 426	3,41	2020
<b>1573 Smøla</b>	Ja	12 432		12 432		2018
<b>1576 Aure</b>	Ja	22 333		22 333		2018
<b>1577 Volda</b>	Ja	20 237	13 878	6 359	2,00	2014
<b>1578 Fjord</b>	Ja	13 317		13 317		2019
<b>1579 Hustadvika</b>	Ja	58 851	28 385	30 466	4,00	2014
<b>Møre og Romsdal</b>		1 018 480	452 422	570 098		

\* Skattesatsen kan vere ulik i kommunen på grunn av kommunesamanslåing og overgangsordning.

Kjelde: SSB tabell 12843 Eigedomsskatt.

## 10 Havbruksfond

Tabell 10 - Utbetalinger frå havbruksfondet dei tre siste åra

Utbetalinger frå Havbruksfondet		2018	2019	2020
<b>1505</b>	Kristiansund	12 945 701	5 996 691	10 218 952
<b>1506</b>	Molde *	14 209 915	1 094 193	11 662 934
<b>1507</b>	Ålesund *	11 256 565	3 733 894	8 841 615
<b>1511</b>	Vanylven	7 879 751	606 681	6 220 232
<b>1514</b>	Sande	0	118 303	1 212 945
<b>1515</b>	Herøy	4 502 715	228 372	2 341 473
<b>1516</b>	Ulstein	1 688 518	130 003	1 332 907
<b>1520</b>	Ørsta	8 659 067	666 683	6 835 419
<b>1525</b>	Stranda	7 317 383	563 347	5 775 929
<b>1532</b>	Giske	6 191 233	307 674	3 154 546
<b>1535</b>	Vestnes	6 753 408	3 218 215	6 220 232
<b>1539</b>	Rauma	4 502 272	346 675	3 554 418
<b>1547</b>	Aukra	6 912 600	532 235	9 558 195
<b>1554</b>	Averøy	10 317 833	794 464	7 960 415
<b>1557</b>	Gjemnes	5 064 890	390 009	3 998 720
<b>1560</b>	Tingvoll	5 909 813	455 011	4 665 174
<b>1566</b>	Surnadal	562 839	43 334	444 302
<b>1573</b>	Smøla	44 288 317	8 841 203	34 940 385
<b>1576</b>	Aure	12 381 580	3 651 559	10 663 254
<b>1577</b>	Volda *	9 005 429	693 350	7 108 836
<b>1578</b>	Fjord *	3 939 874	4 220 641	3 110 116
<b>1579</b>	Hustadvika *	5 065 554	390 010	3 998 720
<b>Sum</b>	Kommunar i M&R	189 355 257	37 022 547	153 819 719

\* Tala er summert frå kommunar som blei samanslått i 2020. Molde (tidlegare Molde, Midsund og Nesset kommunar), Volda (tidlegare Volda og Hornindal kommunar), Fjord (tidlegare Norddal og Stordal kommunar), Ålesund (tidlegare Ålesund, Haram, Skodje, Ørskog og Sande kommunar) og Hustadvika (tidlegare Eide og Fræna kommunar).



Havbruksfondet blei oppretta i 2016. Det fordeler inntektene frå vekst i oppdrettsnæringa og inntekter frå avgifta på produksjon av laks, aure og regnbogeaure. Kommunal sektor fekk i 2020 2,25 milliardar og kommunane i Møre og Romsdal fekk ca. 154 millionar.

Havbruksfondet kan rekneskapsførast direkte i driftsrekneskapen. Dette har ført til at kommunane har hatt meir frie midlar tilgjengeleg til drift og investeringar.

## 11 Skjønnskot

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sett kvart år av ein del av rammetilskotet til skjønnskot til kommunane.

Føremålet med skjønnskotet er å:

- fange opp forhold som ikkje blir godt nok tatt i vare i inntektssystemet og gjennom andre faste tilskotsordningar (skjønnskot)
- bidra til fornying og utvikling av kommunane (prosjektskjønn/fylkesløft)

Skjønnskot blir fordelt til:

- Ordinært skjønn
- Prosjektskjønn
- Kriseskjønn
- Koronaskjønn i 2020 og 2021 (Eigen tildeling)

Statsforvaltaren fordeler fylkesrammene vidare til kommunane etter [retningslinjer](#) gitt av departementet.


### 11.1 Ordinært skjønn og kriseskjønn

Skjønnsporten i 2022 blir om lag på same nivå som 2021, og fordelinga til kommunane vil bli kjent ved framlegging av statsbudsjettet for 2022. Dei siste 6 åra har ramma for skjønnsmidlar gått ned frå ca. 100 millionar til ca. 54 millionar. Reduksjonen i skjønnsramma blir grunngeve med at vi har hatt eit for høgt snitt per innbyggjar i skjønnskot, i forhold til andre fylker.

Skjønnsmidlane er ein del av rammetilskotet til kommunane og er kommunanes egne pengar. Statsforvaltaren drøftar bruken av skjønnsmidlane med kommunedirektørutvalet før tildeling.

Vi ber kommunane om innspel på vesentlege utgifter som kommunen ikkje kan påverke sjølv, og som ikkje blir kompensert i stor nok grad gjennom andre tilskot. Innsjela frå kommunane vil bli sett opp mot til dømes inntektssystemet og andre tilskotsordningar, og i høve til gjennomsnittlege utgifter knytt til innspelet for kommunane i fylket i den grad det lar seg gjere.

**Figur 13 - Fordeling av skjønsmidlar**



Ordinære skjønnsmidlar går mellom anna til dei kommunane som har høgare utgifter enn fylkessnittet til ressurskrevjande tenestemottakarar under 67 år, kommunar som har høge tal på barn under omsorg utover fylkessnittet, språkdelling, legevaktsskyss og andre spesielle saker som kommunane rapporterer om.

Kommunane må søke på skjønnsstilskot og søknadsfristen er 1. juni kvart år.

Statsforvaltaren skal som eit minimum halda attende minst 5 prosent (som utgjer 9 millionar i 2021) av totalramma til ekstraordinære hendingar gjennom året, såkalla kriseskjønn. Søknadsfristen for kriseskjønn er seinast den 1. september kvart år. Om midlane ikkje blir nytta til ekstraordinære hendingar, kan dei brukast til andre føremål i kommunane ved årsslutt.

Av totalpotten på 54 millionar for 2021, gjekk 45 millionar til ordinært skjønn og prosjektskjønn/fylkesløft.

Tabell 11 - Fordeling av ordinært skjønstilskot til kommunane i 2021

Tal i 1000 kr	Språk- deling	Opprett- halde drift av kommunalt rovviltutval	Skyss av helse- personell	Barnevern	Generell vurdering	Spesielle saker	Særleg høye utgifter til ressurs- krevjande teneste- mottakar	Sum kommune	
1505	Kristiansund			800 000	1 000 000	500 000		3 300 000	
1506	Molde	30 000	500 000		1 300 000	500 000	100 000	3 430 000	
1507	Ålesund	3 100 000	800 000	500 000	2 600 000	500 000	400 000	11 100 000	
1511	Vanylven			600 000	100 000		1 900 000	2 600 000	
1514	Sande		400 000		100 000		2 000 000	2 500 000	
1515	Herøy				400 000			1 600 000	
1516	Ulstein				400 000		2 300 000	3 250 000	
1517	Hareid			700 000	200 000			900 000	
1520	Ørsta				400 000			450 000	
1525	Stranda				200 000		600 000	800 000	
1528	Sykkylven				300 000			300 000	
1531	Sula			500 000	400 000			900 000	
1532	Giske				300 000			300 000	
1535	Vestnes			1 600 000	300 000		2 300 000	4 200 000	
1539	Rauma	30 000			300 000			330 000	
1547	Aukra							0	
1554	Averøy				200 000			200 000	
1557	Gjemnes			400 000	100 000			500 000	
1560	Tingvoll			400 000	100 000			500 000	
1563	Sunnadal	30 000			300 000			330 000	
1566	Surnadal	30 000			200 000		800 000	1 030 000	
1573	Smøla		300 000		100 000		500 000	900 000	
1576	Aure		400 000		100 000			500 000	
1577	Volda				400 000			900 000	
1578	Fjord	30 000			100 000		800 000	980 000	
1579	Hustadvika	900 000		1 200 000	500 000		100 000	3 200 000	
SUM		4 000 000	150 000	2 400 000	6 700 000	10 400 000	1 500 000	11 800 000	45 000 000

## 11.2 Koronaskjønn

Kommunane gjer, og har over det siste året gjort, ein formidabel innsats i nedkjempinga av koronaviruset. Kommunane sitt arbeid og oppfølging av TISK-strategien (teste-isolere-smittespore-sette i karantene) er heilt avgjerande for å handtere pandemien over tid.

Stortinget har gjennom *anmodningsvedtak* bedt regjeringa om å gi kommunesektoren kompensasjon for meirutgifter til TISK og smittevern. I tillegg har det kome ulike tiltakspakker.

Kompensasjon til kommunesektoren skjer mellom anna gjennom redusert arbeidsgivaravgift, lågare lønns- og prisvekst, øyremerka tilskotsmidlar, auka rammetilskot og gjennom skjønnsmidlar. Ein må til slutt sjå alt dette i samanheng og kvar enkelt faktura vil ikkje bli kompensert direkte.

Regjeringa har løyvd fleire tiltakspakkar til kommunar som har hatt særleg store utgifter til testing og smittesporing under koronakrisa. Tiltakspakkene og eit auka handlingsrom har gjort kommunane godt i stand til å løyse samfunnsoppdraget

Tabell 12 viser kva kommunane fekk i kompensasjon på ulike område i 2020 og tabell 13 viser fordelinga av koronaskjønnsmidlar for første halvår 2021.

Tabell 12 - Ekstraløyvingar i samband med covid-19 pandemien til kommunane i 2020

Ekstraløyvingar i samband med covid-19 til kommunane utbetalt over rammetilskott i 2020 (beløp i 1000 kr)	Generell kompensasjon for utgifter	Sårbare barn	Inntektssvikt SFO	Inntektssvikt barnehage	Forskottering basisfinansiering allmenlegetenesten	Kompensasjon redusert inntekts- og formuesskatt	Nysaldert smittekontroll	Nysaldert arbeidsløyse	Fordeling skjønnsmidlar knytt til Covid-19 i 2020	Sum ekstraløyvingar
Departement	KMD	KMD	KMD	KMD	KMD	KMD	KMD	KMD	KMD	
Kapittel/post	571.60	571.60	571.60	571.60	571.60	571.60	571.60	571.60	571.64	
Sum landet	<b>3 750 000</b>	<b>150 000</b>	<b>300 000</b>	<b>700 000</b>	<b>66 600</b>	<b>550 000</b>	<b>107 000</b>	<b>250 000</b>	<b>2 124 828</b>	<b>7 998 428</b>
Kommune	<i>Kol. 1</i>	<i>Kol. 2</i>	<i>Kol. 3</i>	<i>Kol. 4</i>	<i>Kol. 5</i>	<i>Kol. 6</i>	<i>Kol. 7</i>	<i>Kol. 8</i>	<i>Kol. 9</i>	<i>Kol. 10</i>
1505 Kristiansund	16 676	666	1 299	2 626	292	2 369	333	0	8 702	32 963
1506 Molde	22 639	861	1 781	4 051	404	3 164	500	0	9 982	43 383
1507 Ålesund	44 896	1 546	3 750	8 728	788	6 661	500	0	14 438	81 307
1511 Vanylven	2 582	113	164	257	56	309	333	0	652	4 466
1514 Sande	2 050	101	150	237	44	249	167	280	1 683	4 961
1515 Herøy	6 325	183	533	1 043	118	934	333	1 010	1 813	12 292
1516 Ulstein	6 029	224	533	1 130	108	879	333	970	2 359	12 564
1517 Hareid	3 877	159	318	742	68	501	333	590	1 526	8 114
1520 Ørsta	7 850	266	648	1 373	146	1 058	333	0	3 087	14 761
1525 Stranda	3 367	132	260	461	74	446	333	0	957	6 030
1528 Sykkylven	5 507	212	462	903	102	746	333	0	1 618	9 884
1531 Sula	6 976	214	618	1 469	116	903	333	0	2 804	13 433
1532 Giske	6 047	207	552	1 392	108	822	333	0	3 021	12 481
1535 Vestnes	4 747	172	374	676	92	648	333	0	1 677	8 719
1539 Rauma	5 749	190	449	901	108	732	333	0	2 607	11 068
1547 Aukra	2 761	118	258	414	56	352	333	0	461	4 753
1554 Averøy	4 212	153	362	626	84	571	333	0	1 031	7 373
1557 Gjemnes	2 166	103	176	315	46	257	167	0	996	4 225
1560 Tingvoll	2 542	110	184	323	54	296	333	0	725	4 567
1563 Sunndal	5 328	211	371	859	100	700	333	0	1 654	9 556
1566 Surnadal	4 364	155	309	695	86	577	333	0	1 711	8 231
1573 Smøla	1 820	97	134	185	42	208	167	0	400	3 053
1576 Aure	2 947	124	225	374	66	346	333	0	681	5 097
1577 Volda	7 501	251	615	1 294	142	1 006	333	0	3 180	14 322
1578 Fjord	2 205	104	175	220	48	253	167	0	790	3 962
1579 Hustadvika	9 737	371	816	1 756	176	1 289	333	0	2 210	16 687
<b>Sum M&amp;R</b>	<b>190 900</b>	<b>7 043</b>	<b>15 516</b>	<b>33 050</b>	<b>3 524</b>	<b>26 276</b>	<b>8 328</b>	<b>2 850</b>	<b>70 766</b>	<b>358 253</b>

Tabell 13 - Koronaskjønnsmidlar fordelt første halvår i 2021

	Midlar til kontrolltiltak med smittevern	Økt innbyggjar- tilskot	Ekstra skjønns- midlar	Sum ekstra- løyvingar
1505 Kristiansund	1 000	19 795	2 000	22 795
1506 Molde	1 500	26 099	1 700	29 299
1507 Ålesund	1 500	54 267	9 000	64 767
1511 Vanylven	1 000	2 557		3 557
1514 Sande	500	2 009	800	3 309
1515 Herøy	1 000	7 302		8 302
1516 Ulstein	1 000	7 038	500	8 538
1517 Hareid	1 000	4 207	500	5 707
1520 Ørsta	1 000	8 869	600	10 469
1525 Stranda	1 000	3 687	500	5 187
1528 Sykkylven	1 000	6 232		7 232
1531 Sula	1 000	7 701	700	9 401
1532 Giske	1 000	6 930	2 200	10 130
1535 Vestnes	1 000	5 702	1 400	8 102
1539 Rauma	1 000	5 763	600	7 363
1547 Aukra	1 000	2 888		3 888
1554 Averøy	1 000	4 749	1 300	7 049
1557 Gjemnes	500	2 169		2 669
1560 Tingvoll	1 000	2 484		3 484
1563 Sunndal	1 000	5 734	900	7 634
1566 Surnadal	1 000	4 844	300	6 144
1573 Smøla	500	1 751		2 251
1576 Aure	1 000	2 854		3 854
1577 Volda	1 000	8 523	2 500	12 023
1578 Fjord	500	2 071	1 300	3 871
1579 Hustadvika	1 000	10 888	1 200	13 088
<b>Sum Møre og Romsdal</b>	<b>25 000</b>	<b>217 113</b>	<b>28 000</b>	<b>270 113</b>

## 11.3 Prosjektskjønn

Ein del av skjønnsramma kan gå til fornying og utvikling i kommunane gjennom prosjektskjønn/fylkesløft. Prosjektskjønnsmidlane vil dei næraste åra bli prioritert til tiltak som vil vere eit løft for alle kommunane i fylket gjennom «**fylkesløft**». Prosjekta skal ha overføringsverdi til fleire kommunar og eit opplegg for erfaringsdeling.

Kommunane søker på prosjektskjønn/fylkesløft gjennom den «[Integrerte søknads- og rapporteringsdatabasen](#)» (ISORD). Søknadsfristen er 1. juni kvart år.

I 2021 blei ca. 11,5 millionar fordelt på 13 prosjekt. Tabellen under viser tildelinga.

**Tabell 14 - Tildeling Prosjektskjønn 2021**

Prosjektnamn	Kommunar	Tildeling kroner
Helseplattforma	Sju stjerna v/Herøy kommune	1 200 000
Helseplattforma	Orkidé v/Kristiansund kommune	1 200 000
Helseplattforma	ROR v/Molde kommune	2 200 000
Helseplattforma	Nordre Sunnmøre v/Ålesund kommune	1 200 000
Berekraftsfylket	v/Ålesund kommune	2 000 000
Berekraftsfylket	v/Molde kommune	1 000 000
Berekraftsfylket	v/Kristiansund kommune	1 000 000
Ungt entreprenørskap	Fjord kommune	50 000
Ungt entreprenørskap	Ulstein kommune	100 000
Ungt entreprenørskap	Ørsta kommune	50 000
Fyrtårn berekraftig matproduksjon	Hustadvika kommune	500 000
Automatisering og robotisering	Volda kommune	500 000
Smartbygg - forprosjekt	Ulstein kommune	450 000
<b>SUM</b>		<b>11 450 000</b>

## 12 KOSTRA

---

Statistikken i denne rapporten er i hovudsak henta frå SSB (Statistisk sentralbyrå) som hentar tala frå kommunanes eigen Kommune-Stat-Rapportering (KOSTRA). Kommunens plikt til å rapportere til staten er heimla i kommunelova kapittel 16 med tilhøyrande forskrifter.

KOSTRA-opplysningane blir mellom anna brukt som kriteriedata i utrekning av rammetilskotet til kommunane. Dersom ein kommune ikkje har god kvalitet på innmeldte tal, får det følgjer for rammeoverføringane.

### **Kommunen sine plikter**

Det er kommunen sjølv som har ansvar for kvalitet på data som blir registrert og innrapportert til KOSTRA. Vi får tilbakemelding frå Kommunaldepartementet om at kommunane i vårt fylke kan betre kvaliteten på innmeldte KOSTRA-tal. Statsforvaltaren oppmodar difor kommunane sterkt om å kvalitetssikre registrering av rett KOSTRA-art og funksjon i eigen rekneskapsføring. [Sjå rettleiar til rekneskapsrapportering i KOSTRA.](#)

### **Bruk av KOSTRA internt i kommunen**

KOSTRA-tala er eit godt grunnlag for kommunane si økonomistyring. Statistikken kan brukast til å samanlikne eigen kommune med andre kommunar og å sjå eigen utvikling over tid. Det er difor viktig å ha fokus på rett bruk av KOSTRA-artar og funksjonar internt i kommunen si økonomiske oppfølging og rapportering til politisk nivå. Kanskje dette kan vere ein del av kommunens internkontroll?




## 13 ROBEK


Det offisielle namnet på ROBEK er «*Register om betinget godkjenning og kontroll*». Dette er ei offentlig liste over kommunar og fylkeskommunar som er eller har kome i økonomisk ubalanse.

Talet på ROBEK-kommunar er historisk låg. Samanlikna med landet har Møre og Romsdal 16,7 % av ROBEK-kommunane med 2 kommunar per 01.01.2021. Rauma kommune er meldt inn på ROBEK etter det, så nå har Møre og Romsdal tre kommunar på ROBEK-lista. Statsforvaltaren følger godt med i kommunanes økonomi og vi ser at det i 2022 kan fleire kommunar bli meldt inn.

Figur 14 - Kart over kommunar på ROBEK per 1. halvår 2021



Figur 15 - Oppføring ROBEK 2001 – 2021, i Møre og Romsdal og landet (tal per 1.1.2021)



### 13.1 Innmelding i ROBEK

Ein kommune skal registrerast i ROBEK når eit av alternativa i kommunelova § 28-1 første ledd ligg føre.

Det er Statsforvaltaren som skal kontrollere om ein kommune skal registrerast i ROBEK.

Registreringa skal sendast skriftleg til departementet. Det same gjeld for utmelding frå registeret.

Om kommunen er meldt inn på ROBEK-registeret etter eit eller fleire av alternativa i § 28-1 første ledd, skal ei ny registrering skje om eit nytt alternativ er grunnlag for innmelding. Registeret skal innehalde alle grunnlag som kommunen er registrert for til ein kvar tid.

Det er kommunestyrets vedtak av økonomiplan og årsbudsjett, og vedtak av årsrekneskap, som er grunnlag for innmelding i ROBEK-registeret. Vurderinga er objektiv og skal ikkje bygge på skjønn. Er eit av kriteria for innmelding oppfylt, skal Statsforvaltaren melde ifrå om det til departementet, som gjennomfører registreringa.

Departementet kan bestemme at ein kommune ikkje skal førast inn på ROBEK-registeret når det openbart ikkje er behov det jf. kommunelova § 28-1 andre ledd. Dette er det berre departementet som kan vurdere.

### 13.1.1 Kriteria for registrering på ROBEEK

Kommunar skal registrerast på Robek om eitt av følgande forhold ligg føre.

Innmelding i ROBEEK	Utmelding av ROBEEK
Driftsbudsjett er vedteke med meirforbruk - § 28-1 bokstav a	Driftsbudsjettet året etter er vedteke utan meirforbruk - § 28-5 første ledd
Driftsdelen av økonomiplanen er vedteke med meirforbruk - § 28-1 bokstav b	Året etter er vedteke driftsdel i økonomiplana utan meirforbruk - § 28-5 andre ledd
Inndekking av meirforbruk i driftsbudsjett, økonomiplan eller driftsrekneskap over fleire enn 2 år etter at det oppstod - § 28-1 bokstav c	Meirforbruket er dekt inn - § 28-5 tredje ledd
Samla meirforbruk i driftsrekneskapen på meir enn 3 % av driftsinntektene - § 28-1 bokstav d	Meirforbruket er dekt inn - § 28-5 tredje ledd
Økonomiplan eller årsbudsjett ikkje er vedteke innan fristen - § 28-1 bokstav e	Økonomiplan eller årsbudsjett året etter er vedteke innan fristen - § 28-5 fjerde ledd
Årsrekneskapen ikkje er vedteke innan fristen - § 28-1 bokstav f	Årsrekneskapen året etter er vedteke innan fristen - § 28-5 fjerde ledd
Vedtak etter inndelingslova § 16 a (gjeld for kommunar som slår seg saman) - § 28-1 bokstav g	Meirforbruket er dekt inn - § 28-5 tredje ledd

#### Vedtak med meirforbruk

Det går fram av kommunelova § 14-10 første og femte ledd at all bruk av midlar skal ha dekning i årsbudsjett og kvart år i økonomiplan. Blir det gjort vedtak om meirforbruk i driftsbudsjett/økonomiplan skal kommunen meldast inn i ROBEEK. Uspesifiserte saldering i årsbudsjett eller økonomiplanen er ikkje tilstrekkeleg for å unngå innmelding i ROBEEK. Innsparingar/utgiftsreduksjonar for å oppnå balanse i økonomiplan eller budsjett, må vedtakast på dei einskilde tenesteområda.

#### Inndekking av meirforbruk

Vedtek kommunestyret at meirforbruk i årsrekneskapen skal dekkast inn over fleire enn to år, skal kommunen registrerast i ROBEEK. Dette gjeld og om budsjett eller økonomiplan viser inndekning over meir enn to år.

### **Meirforbruk meir enn 3 % av driftsinntektene**

Kommunen skal meldast inn i ROBEK når oppsamla meirforbruk frå driftsrekneskapen er større enn tre prosent av driftsinntektene. Med driftsinntekter meiner ein brutto driftsinntekter jf. KOSTRA.

### **Fristar ikkje overhalde**

Økonomiplanen for dei neste fire åra og årsbudsjett for det kommande året skal vedtakast før årskifte jf. kommunelova § 14-3 første ledd. Det inneber at vedtak seinast kan fattast 31. desember.

Årsrekneskap og årsberetning skal vedtakast seinast seks månadar etter rekneskapsårets slutt jf. kommunelova § 14-3 andre ledd . Det inneber at vedtak seinast kan fattast 30. juni.

Kommunar som ikkje gjer vedtak innan fristane blir meldt inn på ROBEK.

### **Utmelding av ROBEK-registeret**

Kommunen blir meldt ut av ROBEK når alle kriteria for innmelding ikkje lenger er oppfylt. Dette følger av kommunelova § 28-5. Statsforvaltaren melder ifrå til departementet når kommunen skal meldast ut.

## **13.1.2 Tiltaksplan**

Kommunestyret skal fastsette ein tiltaksplan som sikrar at økonomien blir brakt i balanse jf. kommunelova § 28-4 andre ledd. For kommunar som er meldt inn i ROBEK etter kommunelova § 28-1 bokstav a, b, e eller g, må tiltaksplanen vere fastsett innan 30. juni. For innmelding etter § 28-1 bokstav c, d eller f er fristen 31. desember. Tiltaksplanen skal sendast til Statsforvaltaren til orientering.

## **13.1.3 Kontroll med årsbudsjett og låneopptak**

Statsforvaltaren skal kontrollere om årsbudsjettet er realistisk og i balanse jf. § 14-4 første ledd og elles at andre krav er oppfylt.

Kommunar på ROBEK må få godkjenning til å ta opp lån jf. § 28-3. Statsforvaltaren gjer dette ved å godkjenne ei ramme for låneopptaket. Det kan og settast krav til kva lånet skal nyttast til. Deltek ein ROBEK-kommune i interkommunale selskap, skal låneopptak gjort i selskapet og godkjennast.

Ein ROBEK-kommune kan ikkje inngå leigekontraktar av varige driftsmidlar utover dei fire neste budsjettåra. Slike leigeavtalar må godkjennast av Statsforvaltaren.

## 14 Kommunal økonomiforvaltning

---

Kommunane skal drive sine tenester innanfor sitt økonomiske handlingsrom, og det er kommunestyret som skal prioritere nivået på tenestene til eigne innbyggjarar. Stortinget har sett nokre grunnleggande krav til økonomiforvaltninga, internkontroll og kva plikter kommunestyret har. I dette kapitelet vil eit utval av tema bli omtalt.

### 14.1 Kommunestyrets plikter

*«Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivare tatt over tid.»*, jf. kommunelova § 14-1. Kommunelova § 14-2 listar opp pliktene kommunestyret har knytt til økonomiforvaltninga. I tillegg til økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding skal kommunestyret vedta økonomiske måltal jf. § 14-2 bokstav c. Kvar kommune avgjer sjølv kva måltal dei vil styre etter.


I Statsforvaltarens forventningsbrev 2021 tilrår vi at kommunane minimum har følgjande måltal:

- Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter på 1,75 %. (Tilråding frå Teknisk berekningsutval)
- Disposisjonsfond (tilråding om 5-10 % av brutto driftsinntekter)
- Eigenkapitalkrav ved investeringar
- Gjeldsgrad

Kommunestyret skal sjølv ta i bruk dei finansielle måltala. Dei skal vere mål for kommunen si økonomiske utvikling. Statsforvaltaren tilrår kommunane å ha gode prosessar i handsaminga og revidering av finansielle måltal. Det kan sikre eigarskap og forståing av plikta kommunestyret har i forvaltninga av kommunen sin økonomi over tid. Årsbudsjett og økonomiplan bør vise til vedtekne måltal og rekneskapen skal og rapporterer på desse.

## 14.2 Internkontroll

Figur 16 - Oversikt over kommunens egenkontrollsystem



### Kommunedirektørens internkontroll

Den administrative delen av kommunens egenkontroll er styrka frå 1.1.2021. Dei nye reglane om internkontroll i kommunelova slår meir tydeleg fast at internkontroll er eit leiaransvar og peikar på kommunedirektøren som ansvarleg for å gjennomføre internkontrollen. Kommunestyret har framleis ansvar for den samla eigenkontrollen, både den politiske og den administrative.

Kommunelovas reglar om internkontroll erstattar mange av dei reglane om internkontroll som før var tatt inn i dei ulike særlovene. Slik har vi fått ei meir samla regulering av internkontrollen. Kommunelovas reglar om internkontroll gjer ikkje ein legaldefinisjon av omgrepet internkontroll. Lovteksta og forarbeida sine krav til aktivitetar i arbeidet med internkontrollen, dannar ramma for internkontrollregelen.

Det er eit viktig unntak i dei nye reglane om internkontroll. Dette er innafor helsetjenestene, der internkontrollreglane i *forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenestene* framleis skal gjelde. Det kan og vere reglar om internkontroll i enkelte særlover som framleis skal gjelde. Dette er på område som ikkje vert rekna som kommunens lovpålagte plikter.

Kommunens lovpålagde oppgåver er dei oppgåvene som kommunen har i eigenskap av å vere kommune. Reglane om internkontroll med desse kommunepliktene i ei rekkje særlover er

oppeva. Dette gjeld mellom anna reglane i sosialtenestelova, barnevernlova, krisesenterlova, folkehelselova, introduksjonslova og opplæringslova.

Når internkontrollreglane med kommunepliktene no er samla i kommunelova, har dette verknad for kommunedirektørens internkontrollarbeid. Det har og verknad for statsforvaltaren når vi fører tilsyn med kommunen. Reglane om internkontroll finn vi i kommunelova § 25-1. Der går det fram at kommunedirektøren skal sikre at lov og forskrift vert etterlevd i administrasjonen. Internkontrollen skal vere systematisk og vere tilpassa verksemdas storleik, eigenart, aktivitet og risikotilhøve.

Dette inneber at kommunedirektøren skal:

- Utarbeide ei oversikt over verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering
- Ha naudsynte rutinar og prosedyrar
- Avdekke og følgje opp avvik og risiko for avvik
- Dokumentere internkontrollen i den forma og i det omfanget som er naudsynt
- Evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

Internkontrollarbeid handlar om endring, utvikling og læring, og som er tilpassa den enkelte kommune. Å jobbe godt med internkontroll inneber ei god samhandling mellom dagleg og fagleg leiing, og at ein evnar å sjå internkontrollen i samheng med styring og leiing på overordna nivå.

## 14.3 Kommunale garantiar

Kommunelova § 14 -19 omhandlar kommunale garantiar. Det er gitt utfyllande reglar i *forskrift av 18. november 2019 nr. 1520 om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har laga ein rettleiar som er datert mai 2020. Statsforvaltaren vil her gi ei oppsummering av kva som må ligge til grunn for kommunens saksbehandling i slike saker.

### 14.3.1 Garanti

Lova omhandlar to typar garantiar, **kausjon** eller **annan økonomisk garanti**.

Ein **kausjon** er ein garanti som kommunen stiller til ein tredjemannspart, der kommunen blir solidarisk ansvarleg saman med hovudskuldnar. Hovudskuldnar er den som garantien blir gitt til, eksempelvis eit idrettslag. Ein garanti inneber at kommunen står inne for at hovudskuldnars forplikting blir oppfylt om ikkje hovudskuldnar sjølv gjer opp for seg.

Ein garanti kan gis som **simpel kausjon** eller **sjølvskuldnarkausjon**.

Simpel kausjon vil si at tredjemannsparten (kreditor) ved eit eventuelt misleghald først må søkje inndekning hos hovudskuldnar. Det som ikkje blir dekt hos hovudskuldnar blir kommunen ansvarleg for.

Ved sjølvskuldnarkausjon kan tredjemannsparten gå direkte på kommunen ved misleghald av hovudfordringa.

**Annan økonomisk garanti** er ein sjølvstendig garanti som ikkje er knytt til ein tredjepersons fordring, men der kommunen forpliktar seg til å yte eit beløp til ein annan part dersom visse framtidige hendingar inntreffer. For eksempel kan det vere ei plikt til å dekke eit underskott eller deler av utgifter til eit prosjekt.

### 14.3.2 Kven kan det stillast garanti for?

Kommunen kan ikkje garantere til verksemd som kommunen driv sjølv eller til anna kommunalt organ.

Kommunen kan ikkje gi garanti for **næringsverksemd** som blir driven av andre enn kommunen sjølv. Kva som reknast som næringsverksemd må kommunen vurdere konkret i kvart tilfelle.

Viktige moment i vurderinga er:

- Er verksemda økonomisk motivert – gevinstføremål.
- Er verksemda etter alminneleg oppfatning å sjå på som næring etter sin art.
- Drivast aktiviteten i ein marknad, konkurransesituasjon og korleis blir verksemda finansiert?
- Er næringsdelen meir enn 1/3 av den samla aktiviteten, må det vurderast som næringsverksemd jf. forarbeida til lova.

### 14.3.3 Økonomisk risiko

Kommunen kan ikkje gi ein garanti om den inneber ein vesentleg økonomisk risiko. Sentrale moment i vurderinga er:

- Sannsynleg om tap oppstår.
- Kor stort er eit eventuelt tap?
- Evner kommunen å dekke tapet utan at det går ut over tenesteproduksjonen.
- Avgrensing av tap – sikre garantien med pant?
- Føremål med garantien?



### 14.3.4 Sakshandsaming

Kommunedirektøren skal sjå til at saker til politisk behandling skal vere forsvarleg utgreidd. For kommunale garantiar må det gjerast vurdering av to forhold jf. kommunelova. Er mottakar av garantien **næringsverksemd** og inneber garantien ein **vesentleg økonomisk risiko**?

I saksutgreiinga bør det kome fram kva som er vurdert og kvifor tilrådinga er som den er.

I tillegg må utgreiinga vurdere om garantien kan bli gitt etter reglane om offentleg støtte.

Kommunale garantiar skal godkjennast av departementet, men dette er delegert til Statsforvaltaren. Ein garanti er ikkje gyldig før godkjenning ligg føre. Statsforvaltaren ser ofte at den kommunale sakshandsaminga er mangelfull i forhold til vurderinga av om hovudskuldnar er næringsverksemd og i vurderinga av den økonomiske risikoen garantien gir kommunen. Kommunestyret skal ta stilling til desse vurderingane og ein mangelfull utgreiing vil føre til at kommunestyret må gjere ein ny behandling av saken for å rette mangelen. Det er ikkje tilstrekkeleg at administrasjonen kjem med ei tilleggsutgreiing. Statsforvaltaren vurderer om kommunen har gjort vedtak i samsvar med lovgivars intensjon.

### 14.3.5 Garantiars varigheit

Ein garanti som gjeld ei investering (anleggsmiddel, varig driftsmiddel) kan ikkje vare lengre enn lengda på investeringas levetid. Levetida til ei investering kjem fram av regnskapsforskrifta § 3-4. Ein garanti kan ikkje vare utover 40 år sjølv om den økonomiske levetida er lengre.

Garantiar for andre føremål, kan ikkje vare lengre enn fem år.

Ein kausjon kan vare inntil to år etter hovudkravets forfall og i slike høve er maksimal garantigrense 40 år (38+2 år).

### 14.3.6 Kommunale garantiar for små beløp

Garantiar for små beløp er unntatt frå kravet om godkjenning og skal ikkje sendast til Statsforvaltaren for godkjenning. Garanti- og finansforskrifta § 4 fastsett grensa for kva som er små beløp. Grensa er knytt til kor mange innbyggjarar kommunen har jamfør tabellen til høgre.

Tal på innbyggjarar	Beløpsgrense kr
Mindre enn 3 000	800 000
3 000 – 10 000	2 000 000
10 000 – 30 000	4 000 000
30 000 – 100 000	7 000 000
Over 100 000	10 000 000

Om det blir stilt fleire små garantiar til same føremål, blir desse sett på som ein garanti.

Det er innbyggartalet per 1. januar i året før garantivedtaket som er grunnlag for kva beløpsgrense som gjeld. Det betyr at eit vedtak om garanti i 2020 byggjer på folketalet per 1. januar 2019.

### 14.3.7 Krav til vedtak om garanti

Garanti- og finansforskrifta § 2 sett krav til vedtak om garanti. Dette gjeld og for garantiar for små beløp.

Krav til innhld i vedtak om garantien:

- a) Kven garantien er stilt for (hovudskuldnar som rettssubjekt eller kven som kan få krav på ein fordring etter gitte vilkår)
- b) Føremålet med garantien (kva garantien er knytt til og eventuelt låneopptak)
- c) Type garanti som er stilt (simpel kausjon, sjølvskuldnar kausjon eller sjølvstendig garanti)
- d) Det maksimale beløpet som det skal garanterast for og korleis beløpet skal reduserast i garantiperioden. (Garantiar for lån skal innehalde maksimalbeløp og lånets hovudstol. Om det garanterast for renter og omkostningar utover hovudstol, må storleiken på tillegget kome fram i vedtaket.)
- e) Kva tidspunkt garantien gjeld frå og når den opphøyr (viktig at vedtaket er tydeleg og at eventuelle forlengingar er tydeleg opplyst)
- f) Om vedtaket må godkjennast av departementet etter kommunelova § 14-19. (Det må gå fram av vedtaket om garantien ikkje skal godkjennast av Statsforvaltaren, då garantien blir stilt for små beløp.)

I tillegg skal eventuelle atterhald eller vilkår kome fram i vedtaket og kven desse er retta mot. Kommunen kan krevje panterettar eller anna sikring for kravet sitt.

Dersom ein garanti skal forlengast utover det som ligg i garantivedtaket, må kommunestyret treffe eit nytt vedtak. Endringar i opphavleg vedtak må og godkjennast av Statsforvaltaren.

**Kjelde:****Regjeringen.no**

- Kommuneproposisjonen 2020  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/65673f5d1c3f4e849a17eed28cc3f972/no/pdfs/prp202020210192000dddpdfs.pdf>
- Regionale utviklingstrekk 2021: [https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/regionale-utviklingstrekk-2021/id2847260/?utm\\_source=regjeringen.no&utm\\_medium=email&utm\\_campaign=nyhetsvarsel20210505](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/regionale-utviklingstrekk-2021/id2847260/?utm_source=regjeringen.no&utm_medium=email&utm_campaign=nyhetsvarsel20210505)
- <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunedata/tjenestebehov2/id2507961/>

**Norges bank**

- Styringsrenta: <https://www.norges-bank.no/tema/pengepolitikk/Styringsrenten/>
- Rentebeslutning: <https://www.norges-bank.no/tema/pengepolitikk/Rentemoter/2021/juni-2021/>

**Statistisk sentralbyrå (SSB)**

- Statistikkbanken, offentlig sektor, Kommunale finansar:  
<https://www.ssb.no/statbank/list/kommregnko>  
<https://www.ssb.no/statbank/>

**Møre og Romsdal fylkeskommune**

- Fylkesstatistikk 2020 [Fylkesstatistikk 2020](#)
- [Kommunestatistikk](#)

**Andre**

- <https://www.ressursportal.no/befolkning-i-kommunene-fordelt-pa-alder-k>
- <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Nyheter/2020/0920/Utbetalinger-fra-Havbruksfondet>

## Tabellar:

Tabell 1 - Skjematisk oppstilling utrekning av netto driftsresultat.....	13
Tabell 2 – Inntekter, utgifter og lånegjeld per innbyggjar .....	15
Tabell 3 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter .....	16
Tabell 4 - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter .....	19
Tabell 5 - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter .....	23
Tabell 6 - Renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter .....	25
Tabell 7 - Avdrag i prosent av brutto driftsinntekter .....	27
Tabell 8 - Arbeidskapital utan premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter .....	29
Tabell 9 - Oversikt over eigedomsskatt i kommunane .....	31
Tabell 10 - Utbetalningar frå havbruksfondet dei tre siste åra .....	32
Tabell 11 - Fordeling av ordinært skjønstilskot til kommunane i 2021 .....	35
Tabell 12 - Ekstraløyvingar i samband med covid-19 pandemien til kommunane i 2020.....	37
Tabell 13 - Koronaskjønnsmidlar fordelt første halvår i 2021 .....	38
Tabell 14 - Tildeling Prosjektskjønn 2021.....	39

## Figurar:

Figur 1 - Utvikling og framskriving av barnetal under 20 år i Møre og Romsdal.....	7
Figur 2 - Regionale utviklingstrekk 2021 - utvalde indikatorar for Møre og Romsdal 2021 .....	8
Figur 3 – Illustrasjon av indikatorar etter kartlegging av kommunane i fylket .....	9
Figur 4 - Kart over kommunestorleik i Møre og Romsdal etter folketalet .....	11
Figur 5 - Brutto driftsutgifter til kommunale tenesteområde i % av totale brutto driftsutgifter .....	14
Figur 6 - Kart over kommunar med positivt og negativ netto driftsresultat .....	17
Figur 7 - Netto driftsutgifter i % av brutto driftsinntekter .....	18
Figur 8 - Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter .....	20
Figur 9 - Utvikling i netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter .....	21
Figur 10 - Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter .....	22
Figur 11 - Kommunanes langsiktige gjeld og renteeksponering i 2003-2020 i % av driftsinntektene.....	24
Figur 12 - Utviklinga i styringsrenta 2007-2021. (www.norges-bank.no) .....	26
Figur 13 - Fordeling av skjønsmidlar .....	34
Figur 14 - Kart over kommunar på ROBEK per 1. halvår 2021 .....	41
Figur 15 - Oppføring ROBEK 2001 – 2021, i Møre og Romsdal og landet (tal per 1.1.2021) .....	42
Figur 16 - Oversikt over kommunens eigen kontrollsystem.....	46